


SOKNERÅDET SI ÅRSMELDING FOR ÅRET 2010 for

VIKEBYGD KYRKJE og KYRKJELYDEN I VIKEBYGD Kyrkjeleg organisasjon:

Vikebygd Sokn tilhører Vindafjord Fellesrådsområde, i Nordre Ryfylke Prosti av Stavanger Bispedømme. Ved årsskiftet var det 523 medlemmar i Vikebygd sokn.

Vikebygd Sokneråd sitt hovudansvar er dei kyrkjelydsbyggjande tiltaka og det kristelege livet i soknet. Dei skal ha si merksemd retta mot dei arbeidsformer som her er for barn, ungdom, vaksne og eldre, i kyrkjebygget, men og i kristen samanheng elles i bygda. Noko av dette er presentert i denne årsmeldinga.



Soknerådet hadde i 2010 sju ordinære møter, og handsama i alt 53 saker. Arbeidsutvalet har hatt 2 møte. Det har vore eit godt sokneråd, der medlemmane har teke på seg oppgåver og fått desse gjennomført på ein tilfredstillande måte.

Vikebygd sokneråd vedtok 30.aug ein ny strategiplan for dei neste fem åra (fram til 2015).

Soknerådet har òg vedteke ein strategiplan som er for Vindafjord fellesområde (2010 – 2015).

Det er desse planane som skal vera førande for soknerådet si prioritering dei komande åra

Soknerådet si prioritering dei neste fem åra (med årleg rullering) blir:

- a. Trusopplæring gjennom eiga trusopplæringsnemnd, lokalt og saman med andre sokn
Her vil god oppfylgning av konfirmantane og konfirmantopplæringa verta prioritert.
- b. Diakonalt arbeid gjennom eiga diakoninemnd, lokalt og saman med andre sokn.
Besøksteneste, helsing på merkedagar og forbøn vil vera viktige tiltak.
- c. Vedlikehald av kyrkjebygget, gjennom eiga nemnd som skal fylgja opp ekstraordinert vedlikehald. Dette er fellesrådet sitt ansvar, men soknerådet vil vera ein pådrivar.
- d. Innsamling av midlar til ekstraordinær oppussing før jubillèet i 2012
- e. Planlegging av kyrkjejubilèet i 2012 med tanke på arrangement, program, jubileums skrift mm.
- f. Forholdet til nabosokna, der Vikebygd sokneråd vil vurdere nærare tilknytning til Skjold og Vats sokn.
- g. Forholdet til, og samarbeidet med, Vikebygd bedehus og organisasjonar.
Med få gudstenester i Vikebygd er det viktig å byggja kristenlivet i bygda opp om eit fellesskap kyrkje – bedehus.
- h. Auka presteressursar i Vikebygd, i tråd med rapport frå bispevisitasen må arbeidast inn som ein del av samarbeidet kyrkje – bedehus – trusopplæring – diakoni.
- i. Arbeide med å få i gong ungdomsklubb i bygda.

Soknerådet har informasjonssider på Internett. Steinar Skartland redigerer og oppdaterer desse. Soknerådet har sytt for plakatar i forkant av gudstenestene.

Årsmøtet for kyrkjelyden var lagt til gudstenesta den 21. mars, kombinert med kyrkjekaffi. Om lag 17 personar møtte.

REPRESENTANTAR I SOKNERÅDET til og med september.

- | | |
|-------------------------------|--|
| - Brit Nelly Ness Tveit | - Leiar i Soknerådet; Arbeidsutval, trusopplæringsnemnda |
| - Dag Hans Nagel-Alne | - Nestleiar; og repr. i Fellesrådet |
| - Steinar Skartland | - Sekretær; Arbeidsutval og misjonskontakt. |
| - Ellen Skretteberg | - SR-medlem og medlem i dikoninemnda |
| - Rolf Alne | - SR-medlem og medlem i diakoninemnd |
| - Berge Thomas Velde | - SR- medlem |
| - Johannes Nedrelid | - Sokneprest |
| - Jenny Kristine Svendsbø | - 1. varamann |
| - Geir Mandius Vårvik | - 2. varamann |
| - Marit Elise Erdal (3.v.m.), | Anna Marie Bjørnevik (4.v.m.), Alfred Trovåg (5.v.m.) |

VINDAFJORD KYRKJELEGE FELLESRÅD.

Fellesrådet har ansvar bygg, eigedomar og arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette. Representant frå Vikebygd var: Dag Hans Nagel-Alne med Brit Nelly Ness Tveit som personleg varamann.

ANDRE NEMNDER OG KONTAKTAR:

Arbeidsutvalet: Brit Nelly Tveit, Dag Nagel Alne og Steinar Skartland Oppgåver dei har er: Saksførebuing for soknerådsmøtene og eventuelle hastesaker. AU har kun hatt to møte

Diakoniutval: Brit Nelly N.Tveit , Rolf Alne og Ellen Skretteberg. Dei har m.a. ansvar for blomehelsingar ved "runde" fødselsdagar frå fylte 70 år og kondolansehelsingar ved gravferd. Dei skal også leggja til rette for besøk- og forbønstenester i soknet.

Trusopplæringsutval: Kjersti H. Bjerga (leiar) og Brit Nelly Ness Tveit.

Soknerådet skal lage ein trusopplæringsplan. Dette er ein plan som skal gje systematisk opplæring og oppfølging av alle døypte i alderen 0 – 18 år. Planen har overskrift ; Gud gir – vi deler. Det er eit stort arbeid som skal gjerast for få til ein god plan og eit godt arbeid. Vindafjord fellesområde har vald å jobbe med dette på tvers av sokna og har satt ned eit overordna utval med ein representant frå kvart sokneråd. Kjersti Bjerga er vår representant.

Gustenesteutval: soknerådet

Jubileumsnemd: Dag Nagel Alne, Jenny Svendsbø, Steinar Skartland og Johannes Nedrelid

Arbeidsgruppe vedlikehald av kyrkja: Dag Nagel Alne, Rolf Alne og Arne Tveit

KYRKJA OG KYRKJEGARDANE

Soknerådet utførte dugnad med lukiing og planting i beda.

Fellesråd og kyrkjeverje har ansvar for drift og vedlikehald av kyrkje og kyrkjegard. Vikebygd kyrkje treng vedlikehald. Ein arbeidskomité har kome i gang med arbeidet, og dei vil saman med kyrkjeverje og fellesråd løyse utfordringane som ligg føre. Fellesrådet har fått midlar løyvde frå kommunestyret til arbeidet. Det vil likevel bli ei stor utfordring for sokneråd og bygda ellers, både å samle inn midlar og stelle i stand dugnad for å få til utbetringa.

KYRKJELEG TILSETTE SOM HAR HATT TENESTE I SOKNET

Kyrkjeverje	Inghart Lasse Tveit
Sokneprest:	Johannes Nedrelid
Kantor/Organist:	Nelly og Jury Kotkovich
Kateket:	Britt Karstensen
Reinhald:	Anne Bjørg Birkeland.
Kontortenester:	For soknerådet må det meste gjerast på dugnad då dei ikkje har tilsette. I noko grad har ein hjelp frå kyrkjekontoret.

Andre tenester: Klokkartenesta vart utført på dugnad av Brit Nelly Tveit og Steinar Skartland, slik at klokkarløna har vore brukt til delfinansiering av dåpsopplæringstiltak og kateket. Det er ynskjeleg å finna fleire til å dela på denne tenesta som soknerådet har ansvaret for.

Soknerådet har ansvar for å skaffa kyrkjevertar.

Kyrkjetenar har stor sett vore utført på dugnad av Steinar Skartland dette året. I tillegg har Anne Lise Mortveit og Ingvald Eike hatt teneste ved gravferder, bryllaup og nokre gudstenester.

Britt Karstensen har 50% stilling som kateket i prestegjeldet. Ho deltek, og er ei støtte innan trusopplæringa. Me har god erfaring frå ansvaret ho og dåpsopplæringsnemnda har angående kyrkjevandring i samband med utdeling av bibel til 4 åringane.

Anna kvart år har ho påskevandring og "skattejakt", i samband med pinse for barnehagebarn. Påskevandringa er i samarbeid med kontor. Barnehagane har gitt positiv tilbakemelding på desse tilboda og ynskjer vidareføring av desse.

Kateketen var med og haldt "sprell levande" gudsteneste (hausttakkefest) i oktober, saman med trusopplæringsnemnda, laurdagsklubben og tripp – trapp. Dette var ei vellukka gudsteneste, som var svært godt tilrettelagt for borna.

Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt: Kyrkjelyden i Vikebygd har avtale med NMS om Misjonsprosjektet: Landsbybygging i Bara provinsen på Madagaskar. Soknerådet har samla inn midlar med kyrkjeoffer.

Våren 2010 hadde venskapskomiteen frå Vindafjord besøk frå Madagaskar. Speidarane frå Vikebygd var saman med speidarar frå Madagaskar på ei samling i Tonjen, på leir på Refsnes (Vats) og på landsleiren på Lista.

Medarbeidarsamling

Sokneråd og bedehusstyre har saman arrangert ein vellukka medarbeidar samling, hausten 2010.

GUDSTENESTER og STATISTIKK	<i>Ant.</i>	<i>Gj.snitt deltaking</i>	<i>Deltaking i alt</i>
Døpte:	3		
Vigslar:	1		
Gravferder:	7		
Forordna gudstenester (A)	17	80	1362
Prosjektgudsteneste konfirmantar (inngår i A)	1		
Gudstenester med nattverd (inngår i A)	6	16.5	99
Familiegudstenester (inngår i A)	4	142	568
Gudsteneste for skulen (inngår i A):	1		101
Konfirmantar våren 2010	6		

19.sept vart dei nye konfirmantane presentert, samtidig som 50 års konfirmantane hadde si jubileums markering. 3.oktober var det **Haustattakkefest / "sprell levande" gudsteneste** med utdeling av bibel til 4 åringane. **Ljosmessa** med deltaking av speidarane og konfirmantane var den 19.desember. Dette er gudstenester med godt frammøte og der alle aldersgrupper er godt representert.

Det er vedteken ny gudstenesteforordninga. Det er ikkje endring i antal gudstenester i Vikebygd . Det er gudsteneste ein gong i månaden (tredje søndag i månaden). .

Musikk og konsertar.

Soknerådet hadde stor konsert 07.nov 2010 til inntekt for vedlikehaldet av kyrkja. I arbeidskomitèen sat Berge Thomas Berge og Rolf Alne. Dei fekk med mange frivillige til å hjelpe med å rigge scene, lyd og lys
 Dei som deltok var: Jone Bjerga, Vegard Skartland, Lina Fisk Eide, Helge Veastad, Arne Tveit, Bytunets antikvariske jassemsemble og G-17 bandet frå Skjold, Vikebygd skule og ungdomskorps
 Dette vart eit svært vellukka arrangement med ca 230 publikumarar og ei inntekt på ca 20 000.
 (Bilettinntekt 24470)

Musikkandakt : I samband med at Sjømannsmisjonen (Den Norske Kyrkja i utlandet) hadde kretsårsmøte i Skjold vart det halde musikkandakt / konsert i kyrkja 30.mai 2010. Det var 96 tilstades på arrangementet.

ULIKE FOREININGAR I VIKEBYGD KYRKJELYD

Kontaktpersonar for dei ulike foreiningane i Vikebygd som har møter på bedehuset har vore:

- Den Ytre Sjømannsmisjonen: Anne Lise Auestad (Aktiv foreining i Vikebygd, årleg basar)
- Normisjon: Martha Tveit (Aktiv foreining i Vikebygd, årleg basar)
- Den Indre Sjømannsmisjonen: Martha Tveit
- Indremisjonen: Sigrun Vik og Jens Tveit

Drift og aktivitet på bedehuset er som tidlegare år. Viser til eiga årsmelding for bedehuset.

BARNE OG UNGDOMSARBEID

11 års fase.

Soknerådet i Vikebygd deler ut bibel til alle barn som går i 5.klasse.

Trusopplæringsnemnda arrangerte ei samling på bedehuset der barna fekk undervisning i bibelen. Brit Nelly Tveit og Kjersti Bjerga hadde ansvar for undervisninga.

I februar fekk 5.klassingane tilbod om leir saman med barn frå Skjold, Vats, Nedstrand og Skjoldstraumen. Det var kun to barn frå Vikebygd som deltok på denne

Natt til første søndag i advent vart 5.klassen som tok til i haust invitert til "Lys Våken". Dette vart eit vellukka arrangement der 11 born og 2 vaksne overnatta i kyrkja.

Det er ønskeleg at soknerådet satsar på å få eit godt tilbod til barna i 11 års fasen og at leir og " Lys Våken" vert eit arrangement som blir eit fast tilbod på linje med utdeling av bibel og bibelundervisninga. Dette vil vera eit viktig bidrag i trusopplæringa.

4 års fase

Alle barn som er 4 år får tilbod om å få barnebibelen når dei fyller 4 år. Utdelinga skjer på haustattakkefesten, medan dei får vera med på kyrkjevandring dagen før. Dette tilbodet er eit samarbeid mellom kateket og trusopplæringsutvalet og er eit viktig arbeid i trusopplæringa.

Konfirmantarbeid

Det var 6 konfirmantar våren 2010. Johannes Nedrelid og Arild Markussen (prostiprest) har hatt ansvar for undervisninga. Konfirmantleiren vart arrangert saman med Skjold og Vats.

Soknerådet klarte ikkje å skaffa gruppeleiarar som kunne ha undervisning heime dette året. Konfirmantane var bøsseberarar i Kirkens Nødhjelp fasteaksjonen, og det kom totalt inn kr Soknerådet arrangerte fest for konfirmantane på bedehuset den 19. april rett etter samtalegudstenesta.

Konfirmantkullet som tok til hausten 2010, tel 7 ungdomar. Soknerådet vedtok at dei skulle ha undervisning saman med Skjold og Vats. Det kom ein del negative reaksjonar på dette, og soknerådet vil ha ei evaluering av konfirmantarbeidet våren 2011.

Anna viktig tilbod innan trusopplæring i Vikebygd:

Laurdagsklubben ("søndagsskulen").

Dei møtest annankvar laurdag i skuleåret, på bedehuset. Laurdagsklubben har eit godt oppmøte. Laurdagsklubben er tilslutta "Karmsund-Sunnhordland Søndagsskulekrins av Norsk Søndagsskuleforbund," og reknar seg som del av kyrkja sitt dåpsopplæringsarbeid. Laurdagsklubben har hatt 15 samlingar der 27 born har møtt 3 gonger eller meir. 40 born har vore innom klubben i løpet av året. Hovudleiar er Kjersti Hausberg Bjerga, saman med Lene Liodden, Jone Bjerga og Steinar Skartland.

Tripp Trapp

Det er eit tilbod til born frå 0-5år m/foreldre, på bedehuset ein fredag kvar månad, klokka 11-12.30. Omlag 30 born under skulealder er på kvar samling. Ansvarleg har vore Inger Marie Bjerga og Grethe Koltveit Lena Fisk Eide og Kjersti Bjerga. Forskjellige andaktshaldarar har vore med på samværa. Barnehageborna har og delteke.

TrippTrapp og Laurdagsklubben lage til julefest på bedehuset 29.12.2010. Det var 57 store og små som deltok på arrangementet.

KFUK-KFUM Speidarane

Speidaren hadde 44 medlemmar frå 3. klasse og oppover. Vi viser til speidarane si årsmelding. Speidarane deltok aktivt i 2 gudstenester (17. mai og ljosmessa).

Speidarane har heimeside på internett, med adr.: speidaren.vikebygd.org

AKTIVITETSPLAN FOR KYRKJELYDEN, KYRKJELYDSBLAD OG INTERNETT

Soknerådet har sendt ut to halvårs aktivitetsplanar til alle husstandane i soknet med oversikt over gudstenester, søndagsskule, møter på bedehuset og andre arrangement i kyrkjelyden. Informasjon vert også lagt ut på internett-adressa: kyrkja.vikebygd.org

Kyrkjelydane i Vindafjord samarbeider om å gje ut kyrkjelydsbladet 'Hyrdingen' der det er informasjon også frå Vikebygd. Bladet kjem gratis til alle husstandar.

ØKONOMI

Soknerådet sin rekneskap blir ført av kommunekassa via kyrkjevevja. Soknerådet har tilfredstillande økonomi. utfordringa er å skaffe midlar til vedlikehald og oppussing av kyrkja. Kommunestyret har i økonomiplanen omdisponert pengar til fellesrådet slik at midlar kan brukast til Vikebygd kyrkje.

Behaldning / fond pr. 31.12.10 var på netto: kr 98.348,75. Av dette er avsett midlar til ljosglobe som er under produksjon, med kr 11.500. Overskott frå ein konsert, om lag kr 23.000,- er avsett til vedlikehaldstiltak for kyrkja.

Offer/Innsamling

Talet på offer i alt:	17	40.781,50
Tal på offer til kyrkjelydsarbeid:	3	18.581,12
Tal på offer til misjonsprosjektet:	2	.4.312,50
Innsamla beløp i fasteaksjonen:		10.533,50
Konsert med føremål kyrkjevedlikehald	1	24.470,00

Soknerådet ynskjer å rette ein takk til alle som stiller opp og er positive til kyrkjelydsarbeidet i bygda.

For Vikebygd Sokneråd

Brit Nelly Ness Tveit
Soknerådsleiar

Steinar Skartland
Sekretær